



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Sundal / 53650168

Vår referanse:
18/77792-2

Dykkar referanse:
201708661-3

Vår dato:
06.04.2018

Høyringsuttale – søknad om løyve til Opeland Ljosverk i Ullensvang herad

Vi syner til dykkar oversending av søknad og høyringsbrev motteke her 04.04.2018.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Statens vegvesen sine merknader:

- Me syner til § 32 i veglova. Det skal ikkje førast kablar, leidningar eller anna utstyr over, under, langs eller nærare offentleg veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak skal i kvart tilfelle sendast til Statens vegvesen.
- For andre tiltak som transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar, samt andre tiltak etter § 30 i veglova, gjeld byggjegrænse på 50 meter til riks- og fylkesvegar. Dersom det er ynskje om å byggje nærare riks- og fylkesvegar enn 50 meter, må det søkjast om dispensasjon frå veglova til Statens vegvesen. Ved tiltak innanfor reguleringsplanar, skal kommunane handsama søknaden.
- Dersom tiltaka krev at det vert etablert nye avkøyrslar og/eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar til riks- og fylkesvegane, skal desse sendast til Statens vegvesen eller kommunane (ved reguleringsplan). Me vil minne om at avkøyrslar skal utformast etter vår handbok V121 «*Geometrisk utforming av veg- og gatekryss*» kapittel 3.13.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Eitrheimsvegen 160
5750 ODDA

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- Før det vert sett i gang arbeid på/ved riks- og fylkesvegane, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Statens vegvesen har elles ingen fleire merknadar til søknaden.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonsleiar

Eva Sundal
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.